

Tømekalender

Restavfall: 20.10

Matavfall: 06.10, 20.10, 03.11

Papir, glass/metall, plast: 06.10, 03.11

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Kveldstankar kring bålpanna, tysdag 5. og

19.okt, kl.1800 utanfor Bykle kyrkje

Gudsteneste, søndag 10.okt kl.11, Bykle kyrkje, ofring til Stefanusalliansen

Gudsteneste søndag 24.okt kl.11, Fjellgardane kyrkje, konfirmant-presentasjon, ofring til konfirmantarbeidet

Temakveld med prostidiakon Per Emanuelsen torsdag 21.okt, kl 1900, Hylestad soknehus

«Kyrkerottene og kattungen», teater laurdag 23.okt kl.1130 i Bykle kyrkje, gratis inngong og utdeling av 4-og 6-årsbøker.

«Leve heile livet» - dag på Bykle Samfunnshus

Onsdag 13. Oktober, kl.13-19

Velkommen til ein innhaldsrik dag for godt vaksne med mange utstillarar og spennande foredrag!

Utstillingar i gymsalen opnar kl.13

På biblioteket, kl.13-16: Digital festival med «gaming for gamliser»

Open kafe kl.14-17 Salg av lasagne med tilbehør. Glutenfritt alternativ—Kaffi/te/kake/smoothie

Velkommen kl.15 v/tenesteleiar Ragnhild Hoslemo

Opning v/fylkesordførar Thommasen og varaordførar Tone Lise Avdal

Foredrag

Kl.15.15: «Leve heile Livet»-reformen v/Rita Weum Kompetansesenteret "Aldring og Helse" og Korleis ivareta ein god busituasjon heile livet v/Hjelpemiddelsentralen

Kl.16.15.-17.00 Pause—Besøke utstillingar/kjøpe mat

Kl.17.00: Mannekeng-oppvisning m/musikkinnslag

Foredrag fortsetter

- Helsefremmande liv og arbeid v/Berit Westbye/Åshild Kaldestad-UST

- Ernæring /fysisk aktivitet v/ernæringsfysiolog Hege Hushovd

- Samfunnsvennlege eldre. Eit skråblikk v/diakon Per Emmanuelsen

Ferdig ca. Kl.19.00

Utstillingar som vert opne heile dagen (kl.13-19):

Utviklingsenteret Agder Øst, Bentes klær, Ernæringsfysiolog, Diakonitenesta, Frivillig-sentralen m/ulike organisasjonar, Husbanken, Hjelpemiddelfirma(Hepro), Agder hjelpemiddelsentral, Audiograf-tenesta i Setesdal, Otra Laft, Sparebanken Sør, Pensjonistforbundet, Nasjonalforeininga for folkehelse, Apotek/Nor Engros, Ergo/fysioterapitenesta/Folkehelsekoordinator. Informasjon om søvn, Demens, Syn/hørsel, COMP-visning v/brukar, Setesdal brannvesen, Elcom- Sør, Sportsbutikk, Senior-reiser.

Arr. Bykle kommune og Frivilligsentralen



www.bygdekinoen.no

Hovden grendehus:

Tysdag 12.10

Kl. 17.30 - Boss Baby: familiebedriften

Kl. 19.30 - James Bond: No Time To Die

Bykle samfunnshus:

Laurdag 9.10

Kl. 17.30 - Jorden rundt på 80 dager

Kl. 19.30 - James Bond: No Time To Die




Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune



Oktober 2021 32. ÅRGANG | OPPLAG 541

TV-aksjonen 2021 søndag 24.oktober

Konsert i Bykle Kyrkje kl 18.00

Medverkande:

Ryszard Goszniak, Anna Slaby Driel, Vetle Tveiten Hoslemo, Eldbjørg Trydal Rysstad, Knut Olav Uppstad, Bykle og Fjellgardane barnekor ved dirigent Therese D.Gabrielsen, Bjørg-Sissel Tveiten.

Inviterte: med andre, Ordførar Jon Rolf Næss.

Billettpris; 150 kr per person. **Påmelding via Spleis.no/Bykle.**

TV-aksjonen går til Plan Internationals arbeid mot barneekteskap.

I Bykle kommune vil vi satse på digitale bøsseer som i fjor, dvs. at vi ikkje går rundt frå dør til dør med fysiske bøsseer. I staden arrangerast ulike arrangement og vi lagar «spleiser» kor vi samlar inn pengar. Vi håper vi får engasjert både store og små til innsats både i tida før og på sjølve aksjonsdagen. Har du ein god ide eller trenger du informasjon om korleis du kan bidra gå inn på blimed.no/engasjer-deg, eller ta kontakt med Merete.egeland@bykle.kommune.no (Frivilligsentralen)

Bykledagane 2022

Bykle næringslag inviterer til informasjons- og idemøte om «Bykledagane 3-4 sept 2022» på Bykle samfunnshus 20.oktober kl 18.00

Alle lag, organisasjonar og innbyggjarar i Bykle kommune er velkomne!



Tilbod ved Bykle Helsesenter

Dagtilbod/Kafetreff

Heimebuande som ynskjer og nytte seg av dagaktivitets-tilbod kvar onsdag, frå kl. 11.00-15.00 er hjarteleg velkomne. Det er ei gratis teneste, men ein må betale for middag/lunsj og kaffi som per i dag kostar 145 kr. Evt bare kjøpe ein av delane. Kommunen kan syte for skyss til og frå for dei som ynskjer det. For å tinge skyss og mat må du ringe kjøkkenet på Bykle Helsesenter på tlf. 468 41 051.

Frisør kjem ei gong i månaden som ein kan nytte seg av. Ho er her første onsdagen i månaden.

Fotpleiar kjem første fredag i månaden.

Ynskjer du time, kan du bestille ved å ta kontakt med aktivitetsleiar Bente Trydal på tlf. 479 03 649

Fotpleietilbodet er for alle i kommunen.

UFO-kveldar

Bykle husflidslag arrangerar

UFO (uferdige prosjekt)-kveldar i haust. Har du liggande eit halvferdig hobbyprosjekt, kan du ta det med og sitte saman med andre i Lislestog kvar onsdag (med unntak av dei onsdagane det er kulturkafé) kl 18-21. Det vil ikkje vere nokon form for lærar på desse kveldane, men skulle ein trenge hjelp til noko kan ein spørje kvarandre. Vel møtt!

Babytrim!

Kvar onsdag frå 10:00 på Hovden Grendehus (ikkje i skuleferier) Enkle øvelser med og utan barnet under rettleiing. Dette passer for deg som har barn mellom 0-2 år. Ta kontakt med helsesjukepleiar Ingrid om du har spørsmål.



Hovden pistolklubb hausten 2021

Startar kl 19:00 kvar gong

Dato:	Stad :	Skjoteleiar:	Tlf.
Torsdag 23/9:	Hovden	Kliff Erik Hoslemo	95994702
Torsdag 7/10:	Hovden	Olav Skinnarland	99334572
Torsdag 14/10:	Bykle	Ånund Nomeland	90590065
Opning av ny elektronikkbane med fest og smedding.			
Torsdag 28/10:	Hovden	John Are Hegstad	48060020
Torsdag 11/11:	Bykle	Bjørgulv Nesland	90126999
Torsdag 25/11:	Hovden	Odd Breivegen	91680773
Torsdag 9/12:	Bykle	Dag Yngvar Moseid	97158218

Siste skjoting før jul er det jolemeisterskap med premiar i alle klassar.



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no
Frist for novemberutgåva er 17.10

Politiske møter i Oktober

Planutvalet: 11.10 Formannskapet: 12.10 Kommunestyret 21.10
Saksdokument vart lagt ut ei veke før på heimesida under «INNSYN»

Opningstider kulturhus og bibliotek:

· med unntak av stengt for bytte av golvbelegg.

Hovden grendehus og bibliotek:

Måndag – torsdag 8-22

Fredag 8-16

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-17

Onsdag 12-19

Torsdag 10-17

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

Kontaktinfo Hovden grendehus:

grendehuset@bykle.kommune.no /
tel. 902 16 856

Kontaktinfo Bykle samfunnshus:

samfunnshuset@bykle.kommune.no /
tel. 476 85 262

Følg oss gjerne på Bykle kommune si facebookside og nettsider for meir informasjon.

Biblioteket kan kontaktast på
biblioteket@bykle.kommune.no eller på
Facebook: Bykle folkebibliotek

Hovden grendehus og Bykle samfunnshus for alle!

Utanom opningstid:

Alle kan låne Hovden grendehus og Bykle samfunnshus ved behov også utanom opningstid. For avtale om leige av hus eller enkelt rom ta kontakt med resepsjonen i Bykle eller på Hovden.

Bruk retta mot lokale barn og unge i regi av vaksne er gratis for lokale innbyggjarar.

I opningstida:

Dansesal på Hovden: her er det fint drive med både dans, yoga og anna styrketrening. Passer for små og mellomstore grupper.

Motionsrom på Hovden for lokale innbyggjarar: Vi har eit lavterskel mosjonsrom med tredemøller, ro-maskin og enkle apparat. På mosjonsrommet kan du trene enkeltvis eller kanskje samle saman vener og familie for enkel mosjon- og styrketrening. I mosjonsrommet er det drop in, så her er det berre å komme innom. Tilbodet kan nyttast og er gratis for alle med fast bustad i kommunen.

Styrkerom i Bykle: Treningsrom for drop in trening utanom faste aktivitetar. Aldersgrense 16 år, eller frå 8. trinn med kursbevis. (fysioterapeut tilbyr årleg kurs)

Inneheld tredemølle, spinningssyklar, roapparat, vektstenger/manualar div. treningsmaskinar, mattar m.m. For avtale om bruk, ta kontakt med resepsjonen på Bykle samfunnshus.

Viktig informasjon frå Hovden grendehus og Bykle samfunnshus!

I oktober skal både biblioteka i Bykle og på Hovden bytte golvbelegg, i tillegg til hemsene på grendehuset. Vi kjem derfor til å stenge mens dette står på. Gym ved skule, barnehage, Bykle idrettslag og Hovden Sportsklubb, revyøving og klubb skal gjennomførast som vanleg, men stengt for all anna bruk i periodar innan desse vekene 42-44:

- Hovden grendehus og bibliotek: Hele huset er STENGT 18.-22. oktober (veke 42).
- Biblioteket vil og vere stengt i slutten av veke 41 for utrydding og starten av veke 43 for å rydde på plass.
- Hemsene STENGT frå 14.-22. oktober.
- Bykle samfunnshus og bibliotek: Biblioteket er STENGT torsdag 28. oktober t.o.m. tysdag 9. november. (veke 43-44.)

Har du spørsmål er det berre til å ta kontakt med resepsjonane Bykle/Hovden. Vi takkar for tolmod medan arbeidet vil vera i gang

Helsing Kultur og fritid og Teknisk drift og eigedom.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



Villrein og vikingtid

Lørdag 09.10. 2021 kl. 12.00-17.00
på Hegni friluftsområde

Arrangement for heile familien!

-med fokus på villrein og viking- opplev, prøv, smak og lær!

Program: På området rundt Hegni vil det være vikingar som fortel om korleis dei levde. Det vert kokegrop med smaksprøver, og det vert laga i stand mat til ny steiking.

Du kan skyte med pil og bue, lage glasperler, kaste med lasso, ri, delta på sverdskamp, lage ditt eiga jernsverd og du kan ta villreinserifikat. Last ned appen Hidden, og finn skjulte skattar.

Villreinen følgde iskanten etter siste istid til Setesdalsheiane for ca. 12.000 år sidan – dei lever i heiene våre i dag! Vil du høyre meir om dette dyret?

Hegni jernvinnemuseum er opent, her kan du sjå og høyre historia om korleis jernet blei framstilt for 1000 år sidan.

Velkommen til Hegni friluftsområde

Gratis inngang!

(50,- for å ri på hest ved Bykle og Hovden rideklubb)

Arrangør: Agder Fylkeskommune, Destinasjon Hovden, Norsk Villreinsenter og Bykle kommune.

Bassenget i Bykle

Svømmebassenget i Bykle vil vere klart for overlevering frå entreprenør til Bykle kommune i løpet av oktober. Skulen i Bykle vil i løpet av kort tid kunne starte opp med symjetrening for elevane sine



For å kunne starte opp med tilbod for publikum må vi ha badevakter med gjennomført kurs. Er du interessert i dette kan du melde i frå til Bykle Frivilligsentral tlf. 94175773 / merete.egeland@bykle.kommune.no

For innspel eller spørsmål ta kontakt med oss. Følg oss gjerne på Bykle kommune si facebookside og nettsider for info.



Familieframsyning basert på "Tusen og én natt". Dette er ei samling med eventyr frå India, Persia og Midtøsten frå 800-tallet. Sheherazade er ei dramatisk fortelling om ei ung kvinnes overleving. Gjennom ordkunst vart ei dyster historie om til ein fabelaktig og inspirerende fortelling. Sheherazade – og ordet som varte i 1001 natt er ei fortryllende forestilling for barn og vaksne om livet, fantasien og overlevelsen. I forestillinga møter vi trollmenn og -kvinner, ånder, dragar, spøkelse og andre magiske vesen når Sheherazade gjør ordet til magi!

Førestillinga er av Sarah Camille Ramin Osmundsen og Mine Nilay Yalcin og presenterast av Kilden Teater i teaterets nye satsing "Kilden ut i Agder" !

Varighet: ca. 40-45 min.

Målgruppe: 1.-4. klasse (5+ år), voksne og barn. Bill. Kr 150,- billett kjøpes på nett: kilden.com/forestilling/sheherazade/ eller i døra med VIPPS.

Arrangør: Kultur og fritid og "Kilden ut i Agder"

Boksirkele mandag 1. november kl. 19.

Vi les boka Min skyld. En historie om frigjøring av Abid Raja. Biblioteket er behjelpelig med å skaffe boka til alle som vil vere med. Vel møtt!